

# Sandane Småbåtlag

---

## Referat frå årsmøte 2010, måndag 28. mars 2011 kl 20.00 på personalrommet, Gloppen ungdomsskule

16 frammøtte til årsmøtet.

### 1. Møteleiing

Leiar Sven T. Rylandsholm ønskte velkomen til årsmøte og vart vald til møteleiar.

### 2. Innkalling og sakliste

Innkalling var gjort kjend gjennom annonse i Firda Tidend og på småbåtlaget si heimeside. I eit oppslag her var det elles opplyst at møtet skulle starte kl 19. Leiar nemde to seinare tilkomne saker. Innkalling og sakliste vart godkjende utan andre merknader.

### 3. Årsmelding 2010

Sekretær Olav Søreide las opp årsmeldinga for 2010. Enkelte punkt vart utdjupa og presiserte. Årsmeldinga vart godkjend utan endringar.

### 4. Rekneskap 2010

Kasserar Kristin Fjellestad la fram revidert rekneskap for 2010, og revisjonsmeldinga Enkelte punkt i rekneskapen vart forklart og utdjupa. Det vart fremja ønskje om at rekneskapen for framtida avspeglar kva aktivitet det er i laget med kjøp og sal av båtplassar. Styret vil leggje om slik at dette går fram av rekneskapen for framtida. Det kom elles fram synspunkt på endring av grunnlaget for utrekning av prisen på båtplassar slik at ein i det minste kompenserer for den verdiauken som følgjer av konsumprisindeksen.

Restlånet er pr dato ca 137.000 kr. Laget har midlar til å betale dette ned fullt ut, men styret meiner det er fornuftig å ha midlar i bakhand til td vedlikehald.

Rekneskapen for 2010 vart godkjend.

### 5. Budsjett 2011

Kasserar og leiar la fram styret sitt forslag til budsjett for 2011. Årsmøtet auka posten for vedlikehald til 50 000 kr og la også inn 10 000 kr til kjøp av rekneskapstenester. Det vart elles fremja forslag om trivselstiltak i hamna, og styret vil setje ned ein komitè til dette. Pr dato er det to ledige plassar i den gamle hamna, og sal av desse vil ytterlegare styrkje rommet for vedlikehald og trivselstiltak. Styret legg til grunn uendra satsarr for hamneleige og medlemskontingent. Budsjettet vart vedteke samrøystes.

### 6. Medlemskontingent og hamneavgift 2010

Satsar for medlemskontingent og hamneavgift for 2011 er uendra i høve til 2010:

Medlemskontingent: kr 750,-

Hamneavgift: kr 900,- (for medlemmer med båtplass)

### 7. Val

Valnemnda v/ Kjell Rune Vik la fram nemnda sitt framlegg:

- Leiar Sven T. Rylandsholm vart attvald for 1 år.

- Sekretær: Olav Søreide hadde sagt frå seg attval, og Jan Petter Vereide vart vald inn i styret for 2 år.

- Hamnesjef: Fridjof Ulleland vart attvald for 2 år

- Per Rune Vereide og Sigmund Vereide var ikkje på val.
  - Varafolk til styret stod ikkje på val og held fram: 1. Roger Storøy og 2. Helge Engeset.
  - Valnemnd for årsmøtet 2011: Kjell-Rune Vik og Magne Moritsgård vart attvalde for 1 år.
  - Revisor: Kristin Fjellestad går ut som revisor. Styret får fullmakt til å engasjere revisor for 2011.
- Alle vart valde ved akklamasjon.  
Styret konstituerer seg sjølv med nestleiar, sekretær og kasserar.

### **Orienteringssak:**

Skade på brygger.

Leiar gjorde greie for korleis forsikringssaka løyste seg og kva planar ein har for å reparere skaden på brygga.

Det vart elles gjort greie for kva skader isen har gjort på anlegga i løpet av vinteren, og det vart utveksla synspunkt på korleis ein skal utbetre skadane.

Styret/hamnesjef får i oppdrag å sjekke at ein har bryggesjefar på alle bryggene, eventuelt peike ut nye og halde fellesmøte med dei om kva reparasjonar som skal utførast.

### **Seinare tilkome saker:**

1. Fjerning av lysmast v/brakka.  
Masta er ikkje i bruk og står i vegen ved landsetjing og sjøsetjing av båtar. Meir fornuftig å montere eit lys på brakka. Styret tek saka.
2. Opprydding i naust på Gloppestad.  
Kjellfrid Åsnes Gloppestad har gjort styret merksam på at småbåtlaget har ein del gamle effektar liggande lagra i eit naust på den gamle båtoppstillingsplassen på Gloppestad, mellom anna kjetting, vaier og tauverk. Styret tek tak i saka snarast og får rydda opp.

Før orienteringssakene og seinare tilkomne saker vart det servert kaffi/te og påsmurte rundstykke frå kjøkkenent på sjukeheimen.

Leiar takka Olav Søreide for innsatsen i styret og overrekte blomar.

Møtet slutt kl 22.00

Olav Søreide  
sekretær